



Møteprotokoll

Talgje sokneråd

Møtedato:	29.05.2024 kl. 16:15
Møtestad:	Kyrkjekontoret, Hagatunet 4
Arkivsak:	23/04560
Til stades:	Eilef Johan Gard, Terje Kjølvik, Beate Steinsvik Jansen, Ottar Sandanger, Margunn Madsen Hovda
Frammøtte varamedlemer:	Jon Fredrik Hartvedt, Else Jorunn Løland
Forfall:	Ola Aasland Vold, Ingrid Eiane Setvik, Anita Fjukmoen, Merete Meling Kindingstad
Andre:	Bjørn Terje Bertelsen, Silje Aandstad
Protokollfører:	Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og saksliste	
19/24 Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Godkjenning av protokoll	
20/24 Godkjenning av referat frå førre møte.	3
Saker til behandling	
21/24 Møteplan for våren 2025	3
22/24 Godkjenning av rekneskap for 2023	4
23/24 Godkjenning av gudstenesteplan for våren 2025	4
24/24 Oppfølgingssak idedugnad	5
Orienteringssaker	
25/24 Orienteringssaker.	6
Eventuelt	

Finnøy 16.07.2024

Eilef Johan Gard
Leiar

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Opning v/Heidi Joh. 3. 26 – 30

Fokus: Musikk og gudstenesteliv

Dialog mellom kantor og sokneråd. Oppgåver: Gudstenester, kveldsbøn, felles prosjektkor Svein Ellingsensalmar. Samarbeid med solistar og musikerar til enkelte gudstenester.

Halsnøy: Geir har spelt, kjekt med variasjon av barnesongar og andre salmer. Behov for ny pianist til gudstenester på Halsnøy.

Nokre tilbakemeldingar: Ved bruk av prosjektor bør det stå salmenr på veggen. Evt invitere inn barnekor f.eks FFC til gudsteneste på Halsnøy. Kjekt med fellesprosjekt – evt gjere det igjen med andre salmedikterar eks. Edvard Hoem, Eivind Skeie...evt samarbeid med barnekor.

Godkjenning av innkalling og saksliste

19/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	19/24

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og alle varamedlem om lag ei veke før møtet. Evt endringar kjem fram i møtet.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjent.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

20/24 Godkjenning av referat frå førre møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	20/24

Saksorientering

Referat frå førre møte vart sendt til dei frammøtte, evt endringar er tekne med i referatet som ligg ved.

Forslag til vedtak

Referat frå førre møte vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak

Referat frå førre møte er endeleg godkjent. Merknad: Ved ein evt konsert i Talgje kyrkje v/Eivind Jul bør ein ikkje nytte psykisk helse som overskrift, då blir det ei forventning om fagleg innhald som kan hende ikkje vil bli innfridd.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

21/24 Møteplan for våren 2025

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	21/24

Saksorientering

Det er planlagt med 3 møter på våren og 2 møter om hausten og viss nødvendig kallast det inn til møter utover dette evt fellesmøter med dei andre sokna i Finnøy. Det er forslag om fortsatt onsdag som møtedag kl 1615 følgande dagar: 29. jan., 19. mars og 21. mai.

Forslag til vedtak

Møteplanen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Møteplanen for våren er godkjent slik den ligg føre. Datoar for møtene til våren er onsdag 29. januar, 19. mars og 21. mai.

[Lagre vedtak]

22/24 Godkjenning av rekneskap for 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	22/24

Møtehandsaming

Saksgjennomgong: Det blei etterspurt spesifikke tal om eks. tal for ofringar som er komme inn og sendt vidare med meir. Fekk svar på dette i møte og kan vurdere om ein til neste gong skal ha eit meir detaljert rekneskap.

Vedtak

Det framlagte rekneskapet er godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

23/24 Godkjenning av gudstenesteplan for våren 2025

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	23/24

Saksorientering

Gudstenesteplanen for våren 2025 ligg vedlagt. Konfirmasjonsdatoane er klarlagte i lag med foreldre på møte 22. mai. Det er kun datoar som skal vedtas i denne saka. Det er om lag 1 gudsteneste pr mnd på kvar plass. Påskehøgtida har Halsnøy gudsteneste Skjærtorsdag, Fogn Langfredag og påskedag og Talgje påskenatt.

Forslag til vedtak

Gudstenestelista for våren 2025 er godkjent slik den ligg føre, evt med endringar som kjem fram i møte.

Vedtak

Gudstenestelista for våren 2025 er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

24/24 Oppfølgingssak idedugnad

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	24/24

Saksorientering

Me hadde ein idedugnad i mars – der kom det fram ulike innspel til vidare arbeid. Me vil ta for oss nokre av desse i møtet og Eilef leier oss gjennom det.



Frå møtet 20 03
24.pptx

Forslag til vedtak

Samtalesak i møtet og evt vedtak ang, oppfølging kjem direkte i møte.

Møtehandsaming

Eilef gjekk gjennom oppsummeringa frå idedugnaden me hadde i mars. Utgangspunktet for gjennomgangen er mottoet for soknet: «Meir himmel på jord – ei kyrkje som bryr seg, inspirerar og inviterar til tru og teneste» Sjå vedlagte oversikt.

Vedtak

Info og samtalesak som me tek med oss vidare til ein sak om visjon og strategiplan til hausten.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

25/24 Orienteringssaker.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	29.05.2024	25/24

Saksorientering

Saken er lagt ved skriftleg eller blir gått gjennom munnleg i møtet.

Forslag til vedtak

Sakene tas til orientering.

Møtehandsaming

Referat frå Stavanger krk fellesråd – ligg på nettsida kirken.stavanger.no og kan lesast der.

Referat frå diakoniutvalet – ligg vedlagt sakspapirene til gjennomlesing. Else Jorunn orienterte kort.

Referat frå trusopplæringsutvalet -vedlagt sakspapirene til gjennomlesing.

Referat frå ansvarskomiteen – vedlagt sakspapirene til gjennomlesing.

Utegudstenester Fogn 16. juni (Eidsvåg) og anten 21. eller 28. juli – Byre.

Informasjon om oppfølging av parkering Talgje – mail er sendt frå kyrkjevergen v/Gravplassjef til grunneigar.

«Sammen som kirke i hele verden» - soknet er med og det er offer til misjonsprosjektet i gudstenestene frå Kristi himmelfartsdag til st.hans. Informasjon frå ungdomstinget v/Beate – oppmodar til at soknet sender unge (helst 15 – 20 år) til denne helga framover – årleg samling. Informasjon om framdrift Halsnøy gravplass – kommunen har i møte med Fellesrådet v/gravplassjef og kyrkjeverge sagt at dei har ansvar for vedlikehald osv på adkomsten til gravplassen. «Kyrkja vår» - dei som er interessert kan delta på teamsmøte 4. juni eller 13. juni. Målet er at me framover skal legge inn meir informasjon i dette planverktøyet. Nokon i staben har skriverett, soknerådsmedlem har lesetilgong. Planlegg at soknerådene v/leiar og dagleg leiar møter kommunedelsutvalet 29. okt. Konsert i Talgje kyrkje v/Kristina Vårlid 1. juli og ved hennar elevar 7. juli. – har vore i kontakt med kyrkjevergen ang. utleige og takstar for dette når eit arrangement ikkje har så mange deltakerar at det går med overskot, det motsette er heller tilfelle. Det er Fellesrådet som utarbeidar takst for utleige, dagleg leiar kan nytte skjønn. Har informert utøvar om at det neste år vil bli eit mindre beløp å betale Fellesrådet for leige av kyrkja til konsert som tek inngongspengar. Gjevarteneste trusopplæring – brosjyren er snart ferdig, manglar kun tekniske detalj om framgongsmåte. Billedserie som kan visast på veggen under gudstenesten er klar. Gudstenestelista for hausten – 25 – 1. sept. hausttakkefest på Talgje og 6. okt. konfirmantpresentasjon på Talgje.

Vedtak

Sakene er tatt til orientering.

[Lagre vedtak]

Eventuelt

Konfirmantjubileum – Hesby og Sjernarøy sokneråd har rutine for å invitere 50 års konfirmantar kvart/annankvart år. Vil Talgje gjere det same? Ang. dette året avventar me avklaring frå komiteen for Hesbykonfirmantane om dei evt kan ha felles med Talgje sokn. Oppmoding om å følge podkasten **diakongang**.

Bøn for den vide verden frå salmeboka vart lesen som avslutning.

